



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
18.06.2021	77423/2021	Ingunn Bekken Sjåholm

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	28.06.2021

Omdisponering av midlar frå PAKT til Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkesutvalet omdisponerer 600 000 kroner frå PAKT (prosjekt 1067 BATP i Ålesund) til arbeidet med fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader (prosjekt Plan og samhandlingsmidlar).

Bakgrunn

Det er behov for midlar til kunnskapsgrunnlag og medverkingsaktivitetar i arbeidet med Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader. I oppstartmeldinga som var lagt fram for fylkesutvalet 2. mars i år, var følgande finansieringsbehov lagt fram:

Aktivitetar i prosessen og økonomiske behov:

Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag:		
Statistikkgrunnlag (eige arbeid)		-
Utarbeiding av to trend-framskrivingar/-alternativ (eige arbeid)		-
Handelsanalyse (ligg allereie inne i budsjettet)	kr	400 000
Utarbeide byrekneskap Gjennomføre analyse av potensiale for byutvikling innanfrå – for betre arealutnytting, jordvern og miljøvern, betre tilrettelegging for born, ungdom og eldre	kr	450 000
Aktivitetar for medverknad:		
Workshop med fokus på ein by – i ein by Workshop med fokus på tettstad – i ein tettstad Enkel City-Lab i eit lite komunesenter Kostnadartil innleiarar, eventuell prosesskompetanse og enkelt materiell	kr	50 000
Formidling:		
Grafisk bistand til sluttprodukt – samanstilling, presentasjon og enklare formidling	kr	100 000
Totale økonomiske behov	kr	1 000 000

I regional planstrategi for 2020-2024 har fylkestinget bestemt at det skal utarbeidast fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader. For å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar er det behov for 600 000 kroner utover dei 400 000 kronene som er avsett til handelsanalyse i budsjettet. Dette er eit planarbeid som rører ved mange, og også med motstridande interesser, og det er derfor svært viktig med god dialog med kommunane og breie medverkingsprosessar. Det er eit krav etter plan- og bygningslova at vi gjennomfører medverkingsprosessar.

Gjennom arbeidet med ny fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader ønskjer vi å styrke by- og tettstadutviklinga, fremme berekraftig arealbruk og transport, og gi kommunane betre verkemiddel, slik PAKT (samordna plan for areal, klima og miljø) no gjer for kommunane i Ålesundsregionen. Da er det viktig at fylkesstrategien får eit tilsvarende kunnskapsgrunnlag som viser status, utfordringar og moglegheiter for fylket på dette politikkområdet.

I regional planstrategi for perioden 2016-2020 var arbeidet med samordna areal- og transportplan for byregionane i fylket sett opp som ei planoppgåve for fylkeskommunen. Dette vart følgt opp i økonomiplan for 2018-2021, der det vart avsett 1 mill. kroner årleg for 2018-2020 for arbeidet med samordna bustad-, areal- og transportplan (BATP) i Ålesundsregionen. Planen fekk etterkvart namnet PAKT.

I evalueringssaka i april i år, fekk dette prosjektet overført 1 mill. kroner av mindreforbruk på om lag 1,6 mill. kroner. Dette for å kunne ha midlar til utgreiingar og andre utgifter knytt til planarbeidet som enno ikkje var fullført. Midla er lagt på ramme D3 stabsfunksjonar, 14210 Seksjon for plan under prosjekt 1067 BATP i Ålesund (det tidlege namnet på planen).

Vurdering

PAKT blir lagt ut til høyring på dette møtet i fylkesutvalet. Eit omfattande kunnskapsgrunnlag ligg ved planutkastet. Planseksjonen har vore aktivt med i dette arbeidet.

Fylkeskommunedirektøren vurderer det slik at det ikkje vil komme store utgreiingsoppgåver knytt til denne planen no, men at det må vere noko midlar til ferdigstilling av planen og ev. grafiske tenester. Det vil likevel vere midlar som ikkje vil bli nytta til prosjektet.

Grunnen til mindreforbruket er at Ålesund kommune har vore flinke og henta midlar frå statlege støtteordningar slik at behovet for støtte frå fylkeskommunen har vorte mindre. Vi valte også å bruke eigne tilsette til å utarbeide stadsanalysen, og sparte der inn utgifter som kunne gått på prosjektet.

Det arbeidet som er gjort i PAKT er svært nyttig for det arbeidet som no skal gjerast med ny fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader. Arbeidet med fylkesstrategien må bygge på dette arbeidet og midlane bør overførast til dette.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Ingunn Bekken Sjåholm
fylkesplansjef